

## Notat

Til: Folkevalde i Vestland

Frå: Hardanger og Voss museum, Åsmund Kristiansen, direktør

Dato: 16.3.2021

Emne: **Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar.**

*Vestland fylkeskommune prioriterer ikkje midlar til medfinansiering av kulturarenaer med regionale og nasjonale funksjonar.*

Staten har ei støtteordning forvalta av Kulturdepartementet som går til nye kulturbygg eller oppgraderingar av kulturbygg, med ein nasjonal funksjon (Statsbudsjettet kap. 322, post 70, Nasjonale kulturbygg).

Dei fleste søknadene til denne ordninga kjem frå museum. Som regel gjeld det finansiering av nye publikums-, utstillings- og magasinbygg, eller ombygging eller påbygging av eldre slike bygg. Hovudregelen for budsjettposten er at staten kan gå inn med maksimalt ein tredjedel av totalbudsjettet, ifølge departementet sine retningslinjer.

– Dersom resten av finansieringen er på plass øker det sjansene for statlig støtte betraktelig, seier Kulturdepartementet til Museumsnytt (<https://museumsnytt.no/928-millioner-pa-vent/>)

Vestland fylkeskommune har i dag ikkje prioritert midlar for medfinansiering av kulturbygg. Det inneber at Vestland går glipp av statlege midlar til å utbetre og fornye viktige kulturarenaer, attraksjonar og møtestader.

Tilskotsordninga til Vestland fylkeskommune er der, men manglar pengar. På kort sikt meiner me det er relevant å bruke 6 mill. kr av overskotet frå 2020 til prosjektet «Tett På» ved Hardanger og Voss museum, avd. Hardanger fartøyvernsenter, deretter 1,1 mill pr år i tre år (totalt 9,3 mill. kr). Dette vil bidra til å løyse ut statleg stønad til eit prosjekt som er både politisk, administrativt og fagleg godkjent. Me ber vidare om at dei folkevalde prioriterer 30 mill. kroner årleg til denne ordninga, så skal musea i fylket skaffe midlar frå Staten og andre til å utvikle viktige regionale kulturarenaer og attraksjonar.